



# Besl. O. nr. 42

(2004-2005)

## Odelstingsbeslutning nr. 42

Jf. Innst. O. nr. 44 (2004-2005) og Ot.prp. nr. 6 (2004-2005)

År 2005 den 1. februar holdtes Odelsting, hvor da ble gjort slikt

vedtak til lov

om handheving av det frie varebyttet innan EØS

### § 1

Lova gjeld tiltak mot alvorlege faktiske hindringar av den frie rørsla av varer mellom Noreg og andre EØS-statar, til dømes blokadar og øydeleggingar, og utveksling av informasjon om slike hindringar.

Lova gjeld ikkje for Svalbard.

### § 2

EØS-avtalen vedlegg II kapittel XX punkt 1 (forordning (EF) nr. 2679/98) om verkemåten til den in-

dre marknaden med omsyn til det frie varebyttet mellom EØS-statane gjeld som norsk lov med dei tilpassingane som følgjer av vedlegg II og protokoll 1 til avtalen og avtalen elles.

### § 3

Lova vert sett i verk straks.

**Ågot Valle**  
president

**Sigvald Oppebøen Hansen**  
sekretær